

Biskop og bispedømeråd er godkjenningssmyndede for saker som rører ved kyrkjer og ved gravplass.

Trussamfunnslova, kyrkjebyggforskrifta og kyrkjeordninga er grunnlaget for rådgiving og saksbehandling.

§§

Forvaltninga skjer i eit samspel mellom sokn, fellesråd, biskop, bispedømeråd, Riksantikvar og fylkeskommune.



SAMARBEID

Rådgivar kyrkjebygg i Møre bispedøme samarbeider nært med kyrkjeverjene i fellesråda om spørsmål kring kyrkjebygg og kyrkja sine nære omgjevnader.

Rådgivaren samhandlar også med kyrkjerådet sine fagfolk innan kyrkjebygg og kyrkjeinterior.

I mange saker må Riksantikvar høyrast - og i somme saker fylkeskommunen.

Rådgivar kyrkjeforvaltning
Svein Magne Harnes
mobil: 906 67 325
Telefon: 71 25 06 70
e-post: sh398@kyrkja.no



MØRE BISPEDØME
Moldetrappa 1, 6415 MOLDE
71 25 06 70 - more.bdr@kyrkja.no
www.kyrkja.no/more

KYRKJE OG KULTURSKATT



I Møre bispedøme er det 120 kyrkjer. Kyrkjene er sokna sin eigedom og samlingsstad – og på same tid kulturskattar. Mange av kyrkjene ligg på stader som har kyrkjetradisjon tusen år tilbake.



KYRKJENE I MØRE

Kyrkjene er sokna sin eigedom. Mellom dei 120 kyrkjene i Møre bispedøme er 61 kyrkjer listeførte som verneverdige av Riksantikvaren. 10 av kyrkjene er freda etter kulturminnelova. Dei listeførte eller freda kyrkjene er rekna som spesielt verdfulle og er underlagt eit strengare verneregime enn dei andre kyrkiene.



«På uteområdet ved en listeført kirke som ikke har en tilknyttet gravplass, skal tiltak som ikke er søknadspliktige etter plan- og bygningsloven og som vil kunne ha en negativ innvirkning på kulturhistoriske verdier, ikke finne sted uten biskopens godkjenning. Før biskopen treffer sin avgjørelse, skal saken forelegges rette kulturmiljømyndighet for uttalelse»

(Kyrkjeordninga § 23)

Kommunane

Gjennom plan- og bygningslova har kommunane eit sjølvstendig ansvar for å for å bevare/sikre verneverdige kyrkjer og nære omgjevnader som kulturminne.

Gravplass

Det er sokna som eig gravplassane og kyrkjeleg fellestråd som fastset vedtekter og forvaltar gravplassane. Ved alle større endringar på gravplass, skal fellestrådet søkje Statsforvaltaren om godkjenning etter gravplasslova.

KYRKJEBYGGET OG KYRKJEINTERIØRET

Alle søknader om endringar på kyrkjebygga i Møre (ombygging, utviding, fasadeendringar, interiørendringar osv.) blir behandla av Møre biskop etter kyrkjeordninga § 23. Alle endringstiltak i samband med dei 59 listeførte kyrkjene krev løyve frå biskopen etter uttale frå Riksantikvaren. 9 av kyrkjene i Møre er freda. Alle tiltak knytte til dei freda kyrkjene krev løyve frå Riksantikvaren etter kulturminnelova og frå biskopen etter kyrkjeordninga.




Bud kyrkje (1717) i vinterlys




Giske kyrkje (1130) er blant dei eldste kyrkjene i Møre.

KYRKJELEG INVENTAR OG UTSTYR

Alle søknader om endringar i inventar og utstyr i kyrkjene blir saksbehandla av Møre biskop etter kyrkjeordninga § 20. Alle tiltak knytte til inventar og utstyr i dei listeførte kyrkjene krev løyve frå biskopen etter uttale frå Riksantikvaren. 10 av kyrkjene i Møre er freda. Alle tiltak knytte til inventar og utstyr i dei freda kyrkjene krev løyve frå Riksantikvaren etter kulturminnelova og frå biskopen etter kyrkjeordninga.



Det mektige kyrkjerommet i Volda kyrkje (1932)




Frans Widerberg si altartavle i Volsdalen kyrkje, Ålesund

KYRKJETEKSTIL

Stolaer skal utformast etter Kyrkjerådet sin rettleiar om symbol på stola. Biskopen skal orienterast om utforming. Biskopen kan etter søknad godkjenne stolaer som ikkje følgjer rettleiaren. Sokn som vil kjøpe inn ny messehaker til kyrkja må søkje biskopen om dette. Sokn som vil kjøpe inn nye preikestolklede, lesepultklede, antependium, ny løpar til kyrkjerommet osv., må søkje om dette.



Messehaker frå 1400-talet, Sande kommune.



teikning av ny messehaker det er søkt godkjenning for.